

– Om dette hjelper to ungar i Hareid er dette fantastisk

Orda kjem frå Bjørn Teigene. Han har vore med å samle inn pengar for Hareid Rotary til ein augescannar til helsestasjonen.



Hareid Rotary overleverte augescannaren til Hareid helsestasjon. Frå venstre: Ann Elin Skeide, Annette Gaustad, Astrid Velle, Idar Flø, Bjørn Teigene og Sverre Jarl Ulstein. **FOTO:** INGVILD AURSØY MÅSEIDE

– Og som det for mitt syn er dimt og dult, det opnar seg eit utsyn yndefult, song Hareid Rotary på møtet sitt sist måndag.

Og orda passa godt. Ortoptist Annette Gaustad fortalte om kor viktig det er å oppdaga synsfeil hjå born tidleg. Me må bruke augo for å lære hjernen å sjå.– Synet er vår viktigaste sans, til all læring som skjer. Om det er språk eller emosjonar. Jo tidlegare me oppdagar feil, desto meir knirkefritt kan barnet lære seg å sjå, sa ho.



Annette Gaustad omtalte synscannaren som Robert og hennar beste ven. Ho sjekkar alle born som er innom henne, om dei så berre er med som søsken. På nokre sekund kan dei finne ut om barnet treng briller eller ikkje. **FOTO: INGVILD AURSØY MÅSEIDE**

Synet til barn blir sjekka på 4-årskontrollen. Då svarer barnet på om dei ser hjarte, hus, firkant eller eple. Nokre born kan bli utagerande under denne kontrollen. Det kan det vere fleire grunnar til. Gaustad trur at born merker når dei blir utfordra på sine svake eigenskapar, då er dei lite samarbeidsvillige.

Så har ein kanskje prøvd ein gong til på helsestasjonen. Nokre blir sendt vidare til lege. Og tida går.

Smertefritt og effektivt

Ho fortalte også om korleis barnet kan kompensere for därleg syn når det konsentrerer seg, og at ein såleis får feil resultat. Ved å bruke ein augescannar treng ikkje barnet vere redd for å seie noko feil, eller må sitje i ro og konsentrerer seg. Det er gjort på eit sekund, og den som måler med apparatet står på litt avstand. På ein augeblikk seier apparatet ifrå om barnet skal henvisast vidare, og kvifor.

Apparatet måler korleis barnet ser nokonlunde i kvardagen.

Ho sa også at det kan vere greitt at eit barn er pluss fire i førskulealder. Det er ikkje sikkert barnet treng briller. Men dette bør det sjekkast opp i.



Annette Gaustad demonstrerte på Bjørn Teigene korleis ho står på avstand med apparatet. Det er enklare å gjere dette med barn, då dei har større pupillar. **FOTO: INGVILD AURSØY MÅSEIDE**

Om barnet ikkje får hjelp som barn, vil det slite med etterverknader som vaksen, sa Gaustad. For då har ikkje hjernen lært seg å sjå rett.

Eit barn fortel ikkje at det ser därleg. Det trur gjerne at det er slik ein skal sjå. Og om ein ser därleg, kan ein bli uroleg i barnehagen eller på skule. Ho fortalte om foreldre som hadde fortald om born som tidlegare berre ville sitje på fanget som etter dei fekk hjelp med synet byrja utforske verda meir. Synet er viktig for all lærings.

Prøveprosjekt

Det er ikkje vanleg at helsestasjonar i Noreg har ein slik augescanner. Annette Gaustad var veldig glad for at Hareid Rotary sponsa Hareid helsestasjon med dette apparatet. Det er eit prøveprosjekt, og alle helsesjukepleiarane på helsestasjonen har fått opplæring i å bruke «Robert».

For eit par år sidan prøvde ho å dra rundt i barnehagane i Ålesund kommune og få kartlagt synet til borna med eit slikt apparat. Men det måtte innhentast samtykke frå alle foreldra, og det var ikkje lett.

Det er mykje enklare at helsestasjonen gjer slike målingar når foreldra likevel er innom for kontroll med barnet sitt.

Leiande helsesjukepleiar Ann Elin Skeide var veldig takksam for at dei har fått denne gåva. Ho sa at dei vil bruke maskina på kvart barn gjennom fleire kontrollar, for syn kan endre seg med åra. Då vil det ikkje vere naudsynt med målingar i barnehagane, for alle kjem på kontrollane på helsestasjonen.

Skeide fortalte at det er krav om at born som skal utgreiast for dysleksi skal få sjekka synet sitt først. Og då kan dei gjere det med denne maskina. Då slepp dei fare til optikar og betale for det.

– Det er nokre som blir litt klovnar i klasseromet og ikkje heilt meistrar og forstår ting. Og då kan det vere synet. Så me må alle tider sjekke synet først, sa ho.



Leiande helsesjukepleiar Ann Elin Skeide er veldig takksam for gåva frå Hareid rotary som president Astrid Velle her overleverer. **FOTO: INGVILD AURSØY MÅSEIDE**

– Målet vårt er at dette kan bli noko me kan få ut på andre stasjonar, etter kvart, sa Idar Flø som har vore primus motor i prosjektet.

Svele og augescanning

På seinsommaren/hausten har Hareid Rotary tenkt å stile seg opp ein laurdag og steike svele i gapahuken på Rotarystien. Då kan alle som vil få kome innom og ete svele og få målt auga sine med denne scannaren. Då skal alle få kome, uavhengig av alder eller kva kommune dei bur i.

Augescannaren kosta 77 500 inkl mva. Dette er pengar Hareid Rotary samla inn på eit halvt døgn frå bedriftene. Bjørn Teigene fortel at det var ein han ringte til som sa at om han hadde hatt tilgang på eit slikt apparat då han var liten, hadde han heilt sikkert sett langt betre i dag. – Han skulle ha lapp på auget, og det hadde han ikkje fått, difor har han därleg syn i dag, fortalte Teigene.

Helsesjukepleiarane i Hareid er veldig motiverte på å prøve dette og gler seg på å kome igang med dette pionerprosjektet.

Publisert: tysdag 13. mai 2025 kl. 19:00